

Fra: Anne Lise Ness <annelise.ness@outlook.com>
Sendt: 21.04.2023 12:52:45
Til: Sentralarkivet <postmottak@karmoy.kommune.no>
Emne: Utbygging og vern om

Hei, dette er ein Mail retta til "Bolig og eiendom" og til "Naturforvaltning" - frå meg som har därleg samvit fordi eg har vore egoistisk og lite framtidsretta 😊. Eg bur på Vormedal i Snikveien 63, og er blandt dei nærmaste naboane til tomt som er regulert til bygging av små einebustader. Varsel har eg fått, og tenkte at det blir ikkje noko heft for meg fordi eg bur litt i høgden. Så lese eg ein artikkel i VG, der me blir oppfordra til å ikkje slå plenen, men la livsgrunnlaget til hummer og bier og andre bestå 😊. Då kom eg på ka eg tenke kvar sommar når eg ser på den vesle enga mellom husa her: den er slåande vakker med høge blomar og strå som lyser opp og vaiar i vinden - og der er sikkert mange humler og bier som fryder seg og som jobbar iherdig. Eg veit ikkje, fordi det er ei ganske så urørt mark - ingen gjennomgangssti. Dette burde eg sagt! Ikkje berre tenkt på meg sjøl! Er det mulig å regulera ei tomt kun til bier og humler og andre som hjelpe oss til å halda verden og livsgrunnlaget ved like? Ikkje berre nymotens insekthotell. Ikkje regulert til friområder med leikeapparat og bord og benk. Men til oase for livsgrunnlag 🌸. Det meste av dette er fjerna på Vormedal i 360 graders vinkel når eg ser meg rundt. Så det blei så FOR GALE at til og med dette vesle området må gi tapt for betongen 😵. Dette er sikkert for seint å melde. Så får eg sitje her med därleg samvit og mi därleg vurderingsevne og sjå på "skammens plett fordi eg glømte å bruka vett" 😊. Eller er det mulig å snu???

Kor tett er samarbeidet mellom reguleringsplanar og vern om natur/livsgrunnlag? Eg er ingen ihuga naturforkjempar dessverre. Og ønske at folk skal bu godt. Men når påminning om plenklipping kom, blei det så absurd å tenke på at den vesle enga skal bort 😵. Med ønske om ein vakker vår for oss alle som er her nå og for framtidige generasjonar 🐞🦋🌸🌼🍄🌸

Mvh

Anne Lise Ness